



Antikvariske retningslinjer

Råd om istandsetting av eldre hus



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhald

Antikvariske retningslinjer	4
Bakgrunnen for istandsettinga	4
Målsetting for arbeidet	4
Ny bruk – endring av huset	4
Enkelttiltak.....	4
Fundament og grunnmur	4
Yttervegg, utvendig kledning.....	4
Golv og bjelkelag	5
Innvendige veggjar, interiør	5
Yttertaket.....	5
Vindauge og dører	5
Overflatebehandling og fargesetting	5
Tilbygg og påbygg, nye utvendige element.....	5
Grunnmur	6
Konstruksjon og skade.....	6
Utbetring	6
Stabbur	8
Yttervegg	9
Utvendig bordkledning.....	9
Utvendig isolering.....	9
Utvendig maling	10
Yttertak	11
Generelt.....	11
Vanlege skadar og manglar	11
Utbetring	12
Bjelkelag	13
Typar og skader	13
Utbetring	13
Skadeinsekt.....	13
Lyd- og varmeisolering	13
Ytterdører	15
Generelt.....	15
Vanlege manglar.....	15
Utbetring	15
Detaljar	16
Vindauge.....	17
Generelt.....	17

Vanlege manglar.....	17
Forslag til utbetring	17
Interiør.....	19
Generelt.....	19
Innvendige veggjar	19
Innvendige dører	19
Trapper	20
Listverk og profilert panel	20
Tapet, maling, dekor og fargesetting	20
Utvendige element.....	22
Generell regel	22
Tilbygg og utvendige element	22
Balkongar og verandaer	23
Ord og uttrykk	24
Handverkarar og produsentar	26
Bygghandverkarar med allsidig praksis	26
Bygghandverkarar for enkeltfag.....	26
Produsentar av dører og vindauge	27
Produsentar av profilert listverk	27
Produsentar/leverandørar av beslag.....	27
Produsentar av maling	27
Kvifor bygningsvern?	28

Informasjonsmateriellet bygger på erfaringar med rådgiving til eigarar av eldre trehus i Møre og Romsdal. Utvalde emne er gjengangarar i rådgivingssaker og mange aktuelle eksempel er utelatne av plassomsyn. Om desse kan fylkeskommunen gi råd på førespurnad. Rådgiving for tekniske fag er ikkje tatt med.

Antikvariske retningslinjer

Bakgrunnen for istandsettinga

Ved vern og istandsetting av eldre hus står ein ofte overfor desse oppgåvene:

- Reparasjon av skader på grunn av nedbør, vind, sopp, insekt, skadedyr og ytre skader på grunn av bruk og misbruk.
- Tilbakeføring av modernisert hus med ein utsjånad som minner lite om husets opphavlege preg og karakter.
- Tilpassing av huset til nye viktige funksjonar og funksjonskrav.

Målsetting for arbeidet

- Sette huset i bygningsmessig god stand.
- I størst mogeleg grad behalde utsjånad og preg. Gjere få endringar.
- Konservere noverande form og preg framfor tilbakeføring til tidlegare (historisk likeverd).
- Tilbakeføre til tidlegare form og preg berre dersom nyare endring på ingen måte høver til den tidlegare, og dersom denne kan dokumenterast i detalj.
- Halde på alderspreget – unngå unødig oppretting og utskifting. Bruke augemål der dette har vore brukt tidlegare.
- Halde på lokalt særpreg i byggemåte, materialbruk og detaljar.
- Erstatte skadde bygningsdelar med nye av nøyaktig same material, tilvergingsmåte, tilvergingsgrad og utforming.

Ny bruk – endring av huset

Grunnregel

Eldre hus bør som hovudregel brukast til det formålet dei er bygde for og vernast i original form og stand. Ny bruk bør tilpassast husa. Oppstår det nye brukskrav som gjer at huset likevel må endrast, bør desse reglane følgast:

- Flytting av veggjar må unngåast, spesielt veggjar av lafta tømmer.
- Mest mogeleg av interiøret og karakteren i rommet må behaldast.
- I kvart rom bør det stå att element eller historiske spor som fortel om alderen på huset, synleg lafteverk, vindauge, listverk, takbjelkar, golvbord og anna.

Enkelttiltak

Fundament og grunnmur

Svikt som gir skadeleg skjelvheit bør rettast opp. Mindre skeivheiter må kunne godtakast. Hald på opphavleg uttrykk og preg.

Yttervegg, utvendig kledning

- Utvendig kledning ser ofte betre ut enn førsteinntrykket.
- Roteskader på utvendig kledning finn ein nesten alltid nedst på veggen. Skift berre rotne deler av borda på ein vegg.
- Bruk same type kledning, dimensjon, profil og material som den opphavlege. Unngå trykkimpregnert virke.

Golv og bjelkelag

Tregolv er kanskje den bygningsdelen som blir først øydelagt av slitasje. Gamle furubord med slitasje i lausveden bør ikkje slipast ned, men stellast og brukast så lenge det er praktisk mogeleg. Slitne furugolv festa med trenaglar eller smidd spikar kan av og til leggast om slik at del slitne borda kjem bort frå dei mest brukte gangbanene i rommet.

Innvendige veggjar, interiør

Unngå flytting eller riving av innvendige veggjar. Behald tradisjonell romform. Kopier listverk og profilert kledning, tapet og fargesetting ved utskifting.

Yttertaket

Yttertaket er husets femte fasade og ofte den viktigaste og best synlege. Det er eitt av elementa som mest tydeleg fortel om alder og byggemåte. Vern og vidareføring av tradisjonell taktekking som torv, skifer, teglpanner og anna er viktig.

Vindauge og dører

Også originale vindauge og dører er ofte betre enn førsteinstrykket. Retningslinjer som bør følgast:

- Ta vare på gamle vindauge og dører i det lengste.
- Kopier gamle vindauge og dører i minste detalj.
- Gjer ikkje endringar i form av tilbakeføring utan å ha sikre kjelder i form av foto eller teikningar.
- Hald på vindaugets opphavlege form. Sett ikkje inn småruter som ikkje har vore der tidlegare.
- Bruk aldri falske sprosser. Desse er teknisk og estetisk uheldige.

Overflatebehandling og fargesetting

Overflatebehandlinga er viktig for særpreget:

- Behald eksisterande målings- og fargetype eller før tilbake til tidlegare løysing på grunnlag av skrapeprøve (fargetrapp). Kombinasjon av tradisjonell og moderne måling skapar ofte problem.
- Berre laus måling bør fjernast, underliggjande lag bør behaldast som dokumentasjon.
- Ved mindre skader på eldre dekormåling bør ein velje retusjering framfor fornying.
- Ved omtapetsering bør ein ta vare på prøver av tidlegare tapetlag som dokumentasjon.

Tilbygg og påbygg, nye utvendige element

Som hovudregel bør ein på eldre hus unngå nye utvendige element som tilbygg, påbygg, bislag, balkongar, verandaer og liknande.

Dersom ein av praktiske eller bruksmessige årsaker likevel må tilføre huset slike element, bør ein kopiere viktige trekk frå det opphavlege huset, slikt som proporsjonar, takvinkel, takutstikk og materialbruk. Detaljane bør tilpassast.

Grunnmur

Viktig å hugse ved utbetring av grunnmur

- Svikt i grunnen og et viss setning og skeivheit i fundament og grunnmur er vanleg ved alle eldre hus.
- Et viss skeivheit gir eit bidrag til alderspreget og bør godtakast. Berre større setningar som fører til skadeutvikling på huset, bør normalt opprettast.
- Grunnmur av tørrmura gråstein bør ikkje skiftast ut med moderne støypt eller mura konstruksjon.


Konstruksjon og skade

Fundament og grunnmurar er ofte svake delar på eldre hus. Lafta hus frå før 1700-talet vart ofte sett på enkle steinmurar. Denne måten å gjere grunnarbeid på har vore vanleg for enkle bruksbygningar fram til vår tid. Med varierende bereevne i grunnen, har bygningar på slike fundament ofte blitt skeive og har fått setningskader. Den lave muren eller steinsettinga gjorde også at treverket kunne komme nær, og i mange tilfelle i kontakt med, jorda og dermed bli utsette for roteskader.

Nyare hus (17–1800-talet) kunne ha murar av novstein; kraftige hjørne- og bereveggssolar i naturstein. Mellomroma vart då ofte utmura med ikkje-berande mur av naturstein. Meir vanleg frå sist på 1700-talet, og fram til sementen kom på marknaden mot slutten av 1800-talet, var ringmurar av naturstein, ofte i full høgde i kjellaren. Natursteinen kunne vere mura i kalkmørtel. Kalkmørtel er sterkt vass-sugande, kan føre vatnet opp i trekonstruksjonen og påføre den roteskader.

Utbetring

Dei eldste husa skal ha visse skeivheiter, det høyrer med til alders- og typepreget. Store skeivheiter som kan føre til skade, bør likevel opprettast med delvis ny mur. Dette kan gjerast samtidig med moderat drenering og dermed stabilisering av bereevna til grunnen. I vanskelege tilfelle kan det vere snakk om å refundamentere med heil, støypt betongsåle.



På del eldste husa bør det ofte drenerast (1.1), deretter bør stein med dårleg bereevne skiftast (1.2). Vatn må hindrast i å renne inn under svillstokken (1.3).

For å hindre kontakt mellom treverket og jorda, er det viktig å fjerne gras, vekstar og mold nær veggen. Ein kan også gruse, steinsette eller sette heller på kant inn til huset for å dempe skvetting av humushaldig vatn på treverket. Tiltaka bør vere avgrensa, då det i mange tilfelle er snakk om endring av svært gamle og verdifulle hus og byggetradisjonar.


Også rundt kjellarmurar for hus frå nyare tid vil det lønne seg å drenere for senke grunnvasstanden og tørke ut kjellargolv som ofte er jordgolv. For å hindre at jordfukt trenger opp i treverket via kalkmørtelen, bør ein vurdere å jekke opp huset og legge never eller grunnmurpapp mellom murkruna og treverket.

Mur med kalkmørtel som er sprokken, bør ikkje reparerast med sementmørtel, då denne er for sterk og hard og berre gjer skaden større. Her bør ein vurdere å ta ut heile felt av muren, ofte rundt eit hjørne og mure på nytt med same type mørtel som finst i muren frå før. Ofte kan det lønne seg å skifte ut elvastein til sprengt eller hoggen stein med betre hald og mure på nytt med godt murforband.

Der gråsteinsmur utvendig har blitt pussa og tetta oppunder bordkledning eller vassbord, bør ein opne for lufting. Smådyr og liknande kan ein halde borte med netting.

Sementmurar frå slutten av 1800-talet byr skjeldan på konstruktiv svikt. Derimot er desse kjellarane ofte dårleg drenerte. Seinare modernisering og innestenging av fukt med ny trekonstruksjon kan derfor føre til soppvekst. Utvikling av for eksempel ekte hussopp kan vere sterkt skadeleg for eit hus.

Merk at det finst mange aktuelle måtar å fundamentere på som ikkje er nemnde i denne oversikta.



Stabbur kan sikrast ved å jekke opp huset og demontere solane. Solane kan om nødvendig få støypte betongfundament (1.4). For vindsikring kan forankringsjern leggast inn i solen (1.5).

Stabbur

Stabbur på solar av tre eller tørrmura gråstein kan vere utsette for vindskadar. Faren for skade blir større ved at tunge torvtak i nyare tid er erstatta med lettare taktekking og at stabbura har mindre nyttelast.

Sikring av bygningen mot sterk vind kan gjerast ved forankring til grunnen. Skissa på første side viser korleis dette kan gjerast. Under solen kan det støypast betongfundament. Solehella og stabbane bør kunne gjennomborast og bli tredd inn på forankringsjernet. Resten av gråsteinssolen bør enten bli mura om jernet eller bora opp og tredd på jernet. Ein bør unngå bruk av mørtel om ein sett opp ny mur. Det er viktig å plassere trestabbar på steinhelle med slik form at vatn renn ut frå treverket. Det er dessutan viktig å halde jord og gras borte. Jamt vedlikehald med for eksempel tjøre og linolje vil kunne auke levetida.

Yttervegg


Viktig å hugse ved utbetring av yttervegg

- Det er viktig å erstatte gammalt, skadd virke med nytt med same materialtype, dimensjon, kvalitet og detaljutforming.
- Unngå trykkimpregnert material. Bruk heller god, tettvaksen furu. Den siste har ofte lenger levetid som den første.

Utvendig bordkledning

Utvendig bordkledning har ofte roteskader forårsaka av nedbør og fukt frå grunnen. I dei fleste tilfella finst disse skadane nedst på vegg. Ved skifte eller reparasjon av utvendig bordkledning, er det viktig å bruke virke av same dimensjon, material og kvalitet som den tidlegare. Berre dei borda som er øydelagde av rote, insekt eller annan skade må skiftast. Som regel er det nok å skifte deler av bord. Ved ståande kledning der nedste del av bordet er rote kan bordet takast varsamt av, den rotne delen kappast av og bordet skøytast med eit nytt, friskt bord. Gamle, friske bord har ofte betre kvalitet i materialet enn nye og kan gjerne brukast nedst på vegg, altså der fuktpåkjenninga er størst.

Same prinsippet bør brukast ved reparasjon av sjølve hovudkonstruksjonen – berre rotne delar bør skiftast. I lafteverk skjer dette ved innspunsing av nytt, friskt trevirke.




Berre dei skadde borda eller den delen av dei som er skadd bør skiftast.

Utvendig isolering

Dersom huset innvendig har synleg tømmervegg eller anna verdifull innvendig kledning som ein ønsker å ta vare på, kan huset om nødvendig isolerast utvendig.

Liggande kledning er ofte oppsett med 2" (5 cm) ståande lekter på tømmervegg. Ofte er det nok å delvis varmeisolere dette lekterommet. Dette kan gjerast ved å kløyve lektene i to, 30 mm inst og 20 mm ytst. Inste rommet kan fyllast med mineralullisolasjon (helst tung steinull), medan ytste rommet blir brukt til lufting. Isolasjonen bør dekkast med to lag forhudningspapp med godt omlegg. Sjå skisse på neste side.



Eksempel på utvendig isolering av utvendig kledd lafteverk utan å flytte kledninga ut i forhold til grunnmuren:

(A) Dersom kledninga er lekta ut med for eksempel 2" (5 cm) lekter, kan ein ta av kledninga og splitte lektene i 20 og 30 mm. Inste rommet kan fyllast med mineralull, medan ytste rommet er lufting. Isolasjonen kledast med to lag vindpapp. Kledninga må deretter settast nøyaktig på same plass.

Alternativt kan ein auke tjukkleiken på isolasjonen til 5, eller unntaksvis, 7 cm. Større tjukkleik på isolasjonen vil ein råde frå, fordi ein då lektar kledninga altfor mykje ut i forhold til grunnmuren og forstyrar det ofte fint avstemte forholdet mellom kledning og mur og mellom kledning og takutstikk. Også vindauga bør ein då flytte ut for å halde på same avstand som før mellom glasflate og ytterveggflate.

På nyare hus (1850–1950) er rommet bak kledninga ofte utan gjennomlufting. Med moderne, sterk romoppvarming og ein viss fuktgjennomgang innanfrå, vil denne dampen presse seg vidare ut gjennom kledninga til malinga.

Utvendig maling

Moderne, tett maling eller dekkbeis basert på for eksempel akryl og alkylolje vil hindre dampen frå å komme ut friluft. Resultatet er ofte at tett maling losnar frå veggen, spesielt ifrå høvla kledning, og flassar av eller blærar ut. Vi understrekar at blæring også kan ha andre årsaker. For god heft for maling til veggen bør ein:

- sørge for god lufting på baksida av kledninga ved å lage smal luftespalte nede og oppe.
- fjerne all laus maling med børste eller skrape (ikkje bruk roterande vinkelslipar, varmluft eller liknande)
- rubbe forsiktig av gammal fast og glatt maling med plansliping. Reingjering og soppvasking.
- male (oppatt) – helst med linoljemaling:
 - a) tynngrunning
 - b) eitt eller to tynne strøk maling

Treverket må vere tørt, spesielt ved grunninga.

Husk tradisjonell fargesetting. Om dette kan fylkeskommunen gi detaljerte råd.

Yttertak

Viktig å hugse ved utbetring av yttertak

- Taket med detaljar ved raft og gavl blir ofte kalla husets femte fasade som i høgste grad er med å fortelje om alderspreg og gi huset karakter. Det er derfor viktig at detaljane blir nøye kopierte og at tradisjonell taktekkingsmåte blir vidareført.
- Eit godt vedlikehalde tak er avgjerande for helsa til huset. Skader i taket kan fort føre til store skader som kan vere vanskelege å rette opp.
- Undersøk nøye om den gamle tekkinga er så dårleg som antatt – ofte er ho betre.
- Sorter ut tekkematerial som er dårleg og legg beste på den mest synlege sida.
- Vel same tekking på dei andre sidene.
- Bytt ikkje til finare tekking enn huset har hatt før.
- Legg eit skikkeleg undertak. Undertaket er viktig for tettinga. På eit eldre tak som har fått lekkasjar det først og fremst viktig å stoppe lekkasjen, gjerne provisorisk med bølgeblekkplater.

Generelt

Taket er den bygningsdelen som er mest utsett for nedbrytande naturkrefter i form av snø og regn. Taket skal beskytte huset mot fukt og det skal tole lasta av store snømengder. I tillegg er takkonstruksjonen ofte utsett for skader frå fukt innanfrå. Dette har samanheng med at temperaturen oppe under opne himlingar er høgare enn elles i rommet, og at skilnaden mellom ute- og innnetemperatur er størst her. Spesielt på kalde vinterdagar, kan dette medføre kondens og nedfukting inne i trekonstruksjonen, og danning av is og issprenging på utsida av konstruksjonen, gjerne nær og ved rafta.

Vanlege skadar og manglar

Dei aller fleste skadane i tak er **lekkasje- og fuktskadar**. Spesielt tak med tekkeskikt oppbygde av organiske material, for eksempel **nevertkking** i gamle torvtak, har avgrensa levetid. God nevertkking med fleire lag (mellom 10–15) og gode avslutningsdetaljar kan ha ei levetid oppimot 100 år. Meir vanleg er ei levetid på 30–50 år.

Spontekking er meir uvanleg på våre kantar av landet, medan tynnspen i større grad har vore bruk til undertekking.

Også nyare tak med uorganisk tekking, for eksempel skifer, tegl- og sementstein kan ha tredetaljar i takavslutninga som er utsette for fukt og rote – vindskier og vassbord. Tak på hus i sveitserstil har ofte utstikkande ås- og sperreendar som kan vere utsette for fukt og rote.


På grunn av store skifte i temperatur og fukt, kan takkonstruksjonar ofte gi gode husvilkår for **skadeinsekt**, som i Møre og Romsdal først og fremst er mott eller stripa borebille. Nødvendige motangrep kan bli så sterke at konstruktive ledd som sperrer og åsar misser bereevna og må skiftast.

Ein mangel ved gamle tak, målt med vår tids standard krav, kan vere dårleg evne til **varmeisolasjon**. Høg innnetemperatur ved moderne bruk av huset fører også med seg større fare for fuktskadar på grunn av damptrykk innanfrå.

Utbetring

Utbetring av yttertak vil ut frå erfaring ofte vere stopping av lekkasjar, skifte av rotne bygningsdelar og dessutan ekstra isolering. I det lengste bør ein unngå varmeisolering av yttertaket. Ved varmeisolering bør ein unngå at taket blir vesentleg tjukkare enn før.

Med samtidig omlegging av skifertak kan dette vere vanskeleg å få til dersom hellene frå før er spikra rett på taktroet. For å få god lufting av tekkinga, bør steinen ved omlegging lektast opp. Lektene bør då vere breie og lave (sjå skissa).



Eksempel på utbetring av tak ved å lekte opp tidlegare ulekta skifertak: Etter at skifertaket er demontert, bør det leggjast tett undertak (3.1), deretter 15 mm sløyfer (3.2) og 20x70 mm lekter (3.3) (NB! lave og breie for å unngå oppbygging). Bruk skiferstift til skiferhellene (3.4) som ikkje stikk ned i undertaket. Merk at gammalt undertak eller sutak av spon bør behaldast som historisk dokumentasjon.

Ved skifting av **rotne** sperrer og åsendar, må nye lagast i nøyaktig kopi av dei gamle. Ved omtrekking av torvtak med **lekkasjar**, kan ein bruke skjult torvplast (tjukk type) til undertak.

4–7 lag never lagt på rette måten vil også kunne gi eit tett og varig tak.

Synlege detaljar må i alle tilfelle vere mest mogeleg kopi av dei gamle. Ved skifte av takrenner er det også viktig å kopiere dei gamle med for eksempel smidde krok og overgang til renna utan renneblekk eller raftblekk og liknande. Som nemnt kunne spontekking tidlegare vere lagt som underlag for steintak. Dersom denne framleis ligg, bør den behaldast som dokumentasjon.

Ein understrekar at det finst svært mange ulike typar takkonstruksjonar og at det for kvar av dei som regel finst fleire antikvarisk akseptable løysingar ved istandsetting og utbetring.

Bjelkelag

Viktig å hugse ved istandsetting av bjelkelag

Antikvariske verdiar ved bjelkelaga er som regel knytt til

- golvborda, eventuelt med dekor og eldre belegg
- golv- og taklister
- himlingar (for eksempel gipsrosetter)
- dekorasjonar og forming av bjelkane

Gamle, slitne furubord bør ikkje slipast ned, men vaskast/skurast så lenge det er praktisk mogeleg. Nedslitne bord kan flyttast og byttast for å fordele slitasje. Unngå å fore ned himlingar i rom med gipsrosetter og breitt listverk. Det er viktig å ta vare på gammal dekor, den opphavlege romhøgda og rompreget.

Typar og skader

Hovudbjelkelaget i eldre trehus er ofte lagt rett på gråsteinsmuren og kjem av og til i direkte kontakt med jorda. Jordfukt, tilgroing og dårleg lufting, har ofte påført disse bjelkelaga roteskadar, særleg i enden av bjelkane.

Utbetring

Ved utbetring her kan ein opne bjelkelaget for å komme til med reparasjon. Borda må takast varsamt av for å kunne gjenbrukas. Er bjelkane rotne i endane må dei fjernast, som regel kan mesteparten nyttast ved at bjelken blir skøytt med friskt trevirke.

Gamle, stokkskorne golvbord festa til bjelkelaget med spikar eller trenaglar kan ein merke, varsamt fjerne og legge ned igjen på same stad etter utbetringa. Er nokon bord veldig nedslitne, kan desse i enkelte tilfelle flyttast til deler av golvet som får mindre slitasje frå dagleg bruk.


I himlingar og på taklister er det viktig å behalde gammal dekor, for eksempel sjablongdekor.

Skadeinsekt


Mott, stripa borebille og andre skadeinsekt er spesielt farlege for konstruktivt viktige delar av bygningsdelar som åsar, sperrer og bjelkar. Motangrep kan stabiliserast ved å endre fukttilhøva (for eksempel drenering og fuktsperre mot jorda eller drenering under kjellarlause hus) eller ved bruk av kjemikalier (fylkeskommunen og musea kan gi råd eller vise til fagspesialistar).

Lyd- og varmeisolering

Lyd og varmeisolering av bjelkelag er det lettast å gjere frå undersida. Til undersida av bjelkelag mot kjellar eller kryperom er det som regel knytt mindre antikvarisk interesse (sjå skisse 4.1 og 4.2 på neste side).




Isolering frå undersida:
Mot kjellar eller kryprom. Undersida utan antikvarisk verdi.



Stubbloft:
Stubbloftsmassa (leire, spon, e.l.) er erstatta med mineralull.


Loftsbjelkelag der både sjølve bjelkelaget og golvborda oppå kan ha antikvarisk verdi, kan isolerast som vist på skissa under. 6" (15 cm) høge bjelkar kan ein isolere med 5 cm (harde) isolasjonsmattar, papir og 15 mm rupanel (4.3). Det kan leggast inn eit lite luftsjikt på 1 cm for betre lydisolasjon.

Endane på rupanel kan skjulast med for eksempel lister av 15 mm kvartstaff.




Lydisolasjon på oversida:
Ulempen er flytting av listverk og dører i romet over.

Dersom det mellom bjelkane ligg gammalt listverk, bør ein unngå isolering av bjelkelaget, eventuelt at ein isolerer ved å varsamt fjerne golvborda, legge rupanel og papir direkte på bjelkane, deretter 5 cm lekter og harde isolasjonsmattar før ein legg på plass att dei gamle golvborda (ikkje vist på skisse). Ulempa ved denne løysinga, er at ein må ta av og flytte listverk og dører oppe, og at etasjen over får inntil 6–7 cm mindre takhøgde.



Lyd- og varmesolasjon frå undersida:
Tilfelle der både golvbord og bjelkelag har antikvarisk verdi.



Stubbloft:
Ny isolasjon under det gamle stubbloftet. Krev nok høgde og at undersida er utan antikvarisk verdi.

Illustrasjonane på denne sida viser nokre av fleire akseptable løysingar ved lyd- og varmesolering av bjelkelag.

Ytterdører

Viktig å hugse ved behov for utbetring eller skift av ytterdør

- Inngangsdøra er fasadens midtpunkt og kanskje det viktigaste arkitektoniske elementet i huset.
- Ei gammel, original dør med omramming er av dei elementa som klarast fortel om husets byggjeår og stilpåverknad.
- Eldre dører er nesten alltid laga av utsøkte material. Sjølv om deler av døra kan ha roteskader, vil reparasjon og utskifting av rotne delar som regel lønne seg.
- Lag eventuell ny dør av utsøkte material og mal døra rett farge til huset (gamle dører var nesten alltid malte)
- Gamle hengsler og beslag er viktige deler av døra.
- Kopier den gamle døra i detalj.

Generelt

Inngangspartiet og inngangsdøra har ein alltid lagt mykje pengar og omtanke i. Sjølv dei enklaste bustadhusa kunne ha kostbare dører og inngangsparti. Dørene har ofte vore laga av flinke handverkarar som følgd med stilretningane. Ein kan derfor ofte datere hus etter inngangsdører med omramming og portal.


Sjølv om ei dør av og til kan få skader og skavankar, kan døra likevel vere så bra at det lønner seg å reparere framfor å skifte. Ei rett reparert eldre kvalitetsdør, kan derfor oppnå lenger levetid enn ei ny dør.

Vanlege manglar

Det er ofte små problem som gjer den gamle døra ubrukeleg, som slitne hengsler og beslag, skeiv karm eller dørblad, nedsliten dørstokk. Skadar frå rote etter fukt og nedbør finn ein nesten alltid i tersklar og nedst på dørblad og karmar dører som står utsette for vêr og vind.

Utbetring

Utbetring av dørbladet bør gjerast på verkstad av ein dyktig handverkar. Ramtre og fyllingar er som regel samansette utan bruk av lim. Desse kan demonterast og skadde delar kan erstattast av nye (5.1 og 5.2). Ofte kan ein felle nytt treverk inn i eit større, skadd stykke, spunse (5.3).




Reint teknisk er det også mogeleg å etterisolere ei eldre ytterdør. Dette må likevel reknast som ein dyr prosess, som også kan gå ut over den antikvariske verdien.

Detaljar

Dørstokkar som er nedslitne bør lagast heilt ny. Den nye bør forsynast med dryppnase (5.4). På innslåande dørblad kan ein på vêrutsette stader sette vassbord og i særskilde tilfelle beslag (5.5).

Dårleg vindtetting kan utbetrast ved at dørbladet blir laga ved pressliming eller ved å høvle til rett breidde. Ein kan òg frese trykkutjamningsspor inn i karm og dørblad på sida og over (5.6) og ein kan forsyne karmfalsen med elastisk tettelist eller trelist som gjev jamnare og djupare fals (5.7 og 5.8).

Gamle dører skal aldri skrapast heilt reine for maling. Bruk ikkje lut, malingsfjerner eller varmelampe. Då fjernar ein også alderspreget og spor av gamle fargar som viser korleis døra har sett ut (fargedokumentasjon).



Vindauge

Viktig å hugse ved utbetring av eldre vindauge

- Vel gjenbruk, utbetring og reparasjon før skifting.
- Før vindauga blir skifta, bør dei undersøkast grundig. Gamle, vêrslitne vindauge er som regel langt betre enn dei først ser ut til.
- Kopier dei gamle vindauga i minste detalj.
- Gjer ikkje endringar i form av tilbakeføring utan å ha sikre kjelder i form av bilde eller teikningar.
- Hald på vindaugets opphavlege form. Sett ikkje inn småruter dersom huset ikkje har hatt det tidlegare.
- Ta forsiktig av eldre ut- og innvendig listverk og sett det på plass etter skiftinga.
- Ta vare på eitt eller fleire vindauge med listverk på den veggen som er minst utsett for vêret. Dermed er original dokumentasjon teken vare på for ettertida.
- Bruk aldri falske sprosser. Desse er teknisk og estetisk uheldige.

Generelt

Gamle vindauge vart alltid laga av utsorterte 1. klasses material. Dette er ein viktig grunn til at vi dag kan finne vindauge meir en 250 år gamle og som med godt stell vil kunne vare endå i mange år. Kvaliteten på treverket i nye vindauge varierer. Produksjon og tilgang på virke gir ikkje same tilgang som før til den same strenge kvalitetssorteringa. Vi kan derfor finne større skader på vindauge frå 1960-åra enn på vindauge frå for eksempel 1860-åra.

Få andre element er så sterkt knytte til utsjånad og karakter i eit hus som vindauge og inngangsdører. Omramming, profilar, oppdeling, form, størrelse og farge på dører og vindauge fortel om husets alder og stilpåverknad. Vindauge i eldre hus kan på godt og vondt fortelje ein god del om huseigarens estetiske sans og om haldning til vern av gammal bygningskultur.

Vanlege manglar

- Enkel rute med dårleg lyd- og varmeisolering (6.1)
- Dårleg vedlikehalden og oppsprokken kitt (6.2)
- Mangelfull drenering frå botnfalsen (6.3)
- Vasslekkasjar mellom karm og vassbord (6.4)
- Oppsprokke og rote vassbord (6.5)

Sjå skisse på neste side.

Forslag til utbetring


Påsetting av innvendig varevindauge eller koblarame (6.6), skifte kittet (6.7), helst på verkstad: varsamt fjerne kittet med kittlampe, fjerne glasstift, ta ut glasets for gjenbruk, fjerne gammal maling på den kalde sida av treverket, eventuelt skifte rotne delar (som regel botnstykke i ramme og karm). Sjå skisse på neste side.

Deretter grunne kittfalsen med lakk eller tett maling, legge underlagskitt og sette inn glasruta med stift. Så legg ein på utvendig kitt, helst linoljekitt. Ramma må utvendig skrapast, deretter grunnast og malast, helst med linoljemaling. Malinga skal leggest ca. 2 mm inn på glasruta.

Eit tett og uskadd linoljekitt forseгла av maling vil kunne halde ei mjuk kjerne opptil 40–50 år. Mal ikkje treverk som tidlegare ikkje har vore mala. Treverk og kitt kan i slike tilfelle behandlast med tjøre, terpentin og/eller kokt linolje.


For utbetring av trekonstruksjonen kan ein

- frese ut trykkutjammingspor i ramma og i topp og sider i karmen (6.8)
- sneie av botnstykket på karmen for å oppnå ein fals i botn som skrå utover (6.9)
- frese inn spor for innfesting av elastiske tettingslister (6.10)
- frese ut spor under botnkarmen for tilpassing av beslag eller vassbord (6.11)
- skifte vassbord (6.12)



Beslag til gamle vindauger har ofte høg estetisk og antikvarisk verdi. Hjørnejern (6.13), hasper eller stormkrokar (6.14) og hengsler med rust på kan utbetrast på følgjande måte:

- Skrap eller brenn beslaga reine for maling og rust
- Grunn dei med rustbeskyttande maling (for eksempel blymønje på linoljebasis)
- Mal dei saman med vindauga
- Nye beslag kan lagast i kopi av gamle



Interiør

Viktig å hugse ved innvendig istandsetting

- Unngå flytting av innvendige, originale skiljevegger.
- Unngå flytting av dører og/eller innsetting av nye dørøpningar. Eldre dører og beslag er ofte av god kvalitet og bør gjenbrukas.
- Unngå utskifting av fast innretting og element som trapper, faste skap, piper og eldstader.
- Øydelegg ikkje eldre overflatematerial og overflatebehandling som lar seg reparere.
- Lag plan og søk fagleg rådgiving for innvendig fargesetting og materialbruk.

Generelt

Gammalt, overlevd interiør er som regel av god kvalitet og tolerer framleis normal bruk og slitasje. Skjelvheiter og slitasjemerke er det dessutan mogeleg å leve med. Moderniseringar av for eksempel overflater i interiøret er derfor ofte unødvendige og bør unngåast.

Modernisering av teknisk utstyr og innreiing i for eksempel bustadar i dagleg bruk, er derimot ofte nødvendig og akseptabelt. Ved slike moderniseringar er oppgåva å gjere så få og varsame inngrep i det eksisterande interiøret som råd.

Innvendige veggjar

Dagleg bruk av huset må først og fremst tilpassast huset slik det står. Særskilt viktig er det å unngå riving eller flytting av veggjar eller lage nye opningar for dører og vindauge. I eldre hus finst ofte element av eldre byggjeteknikkar som delvis har gått ut av bruk, for eksempel rapping på treveggjar. Slike innslag er det viktig å utbetre og ta vare på.

Antikvarisk verdifullt og velhalde interiør som tapet, brystningspanel, gammalt handhøvla eller dekorert panel og synleg umåla tømmer, bør ein ikkje fjerne, øydelegge eller modernisere.

Bak platekledde og nyleg tapetserte flater kan det gøyeme seg både verdifullt, gammal panel, dekorasjonar og tapet som det kan vere teknisk mogeleg å restaurere. Dette er vanskeleg arbeid som må utførast av fagfolk. Gamle tapetmønster kan ein kan få i nylaga kopiar.

Innvendige dører

Mange av momenta som er nemnde under kapittelet om ytterdører, gjeld også innvendige dører. Innvendige dører med listverk er av dei sikraste elementa for datering av interiør, sjølv om gamle dører kunne vere flytta med hus eller gjenbrukas. Gamle dører kan derfor vere eldre enn resten av huset.

Fyllingsdører vart ofte moderniserte med platekledningar rundt siste verdskrig. Fjernar ein platene, er fyllingane oftast uskadde og like gode. Gamle innvendige dører har som regel ein høg materialkvalitet og kan vere nesten evigvarande med rimeleg bruk og stell.

Gammal malt dekor, for eksempel ådring og lasering, må aldri malast over, men bør reparerast eller restaurerast av fagfolk.

Dørbeslag som hengsler, vridarar og låskasser høyrer ofte stilmessig nøye saman med sjølve døra og må ikkje utan vidare skiftast. Gamle, utanpåliggande lås og klinker har høg antikvarisk verdi og kan utbetrast med enkle midlar dersom dei ikkje verkar skikkeleg.

Trapper


Gamle innvendige trapper tilfredsstillar ofte ikkje dagens krav i byggjeforskriftene til maksimal stigning, minimum breidde, rekkverk og anna, og kan ofte vere tungvinte for eldre og rørslehemma personar.

Å sette inn nye, slakare og breiare trapper bør ein likevel i det lengste unngå. Slike trapper medfører ofte inngrep i bjelkelag og flytting av veggjar og dører, i tillegg til at rommet får eit nytt element. Nedslitne trinn i eldre trapp kan som regel skiftast eller innsponsast med nytt treverk.


Når ein likevel finn å måtte lage ny trapp, bør ein unngå flytting av veggjar og dører i tillegg til at detaljar frå gamletrappa bør kopierast.

Listverk og profilert panel

Finst i mange variasjonar ut frå tid og stil og der lokale snikkarar og produsentar har laga sine eigne typar. Ved istandsetting av gamle hus er det viktig å restaurere eller kopiere dei lokale variantane heller enn å bruke standardiserte stilprofilar.



Eksempel på koplar av gammalt profilert listverk som finst i handelen som lagervare i dag.



Tapet, maling, dekor og fargesetting

Eldre hus kan ha fleire lag med maling og av ulike typar. Forklaringa er at dei ulike eigarane har ønska å sette sitt preg på huset i samsvar med skiftande stilar og motar. Framhald av denne tradisjonen kan av og til forsvarast.

Som regel bør ein likevel la det vere samsvar mellom alder, stil, form, farge og overflatehandsaming på dei ulike delar av huset. Ved ny fargesetting eller tapetsering bør ein freiste å finne fram til koloritten som samsvarar med alderen på huset og interiøret.

Dessutan bør ein bruke same maling (for eksempel linoljemaling) og tapet (for eksempel papirtapet) som brukt opphavleg.

Om slike fagleg vanskelege emne og spørsmål, kan fylkeskommunen gi detaljerte råd.

Utvendige element

Viktig å hugse ved planlegging av utvendige endringar og tilbygg til eldre hus

- I det lengste bør ein på eldre, verneverdige hus unngå nye utvendige element som tilbygg, påbygg, bislag, verandaer, balkongar og liknande.
- Når ein likevel ut frå ei total vurdering må bygge til eller på, bør det nye elementet i form og volum tilpasse seg og underordne seg gamlehuset.
- Byggemåte og materialbruk må vere tilpassa gamlehuset og lokal byggeskikk.

Generell regel

Generelt bør ein på eldre, verneverdige hus unngå utvendige endringar. Spesielt viktig er dette på sider som vender mot offentleg veg eller plass (den offentlege sida av bygningen).


Tilbygg og utvendige element

For å sikre framtida til eit eldre hus (gjeld først og fremst bustadhus) gjennom dagleg bruk, kan det av og til forsvarast å installere våtrom som tidlegare ikkje har vore i huset, i form av bad og vaskerom. Det kan også vere ønskeleg å modernisere kjøkenet. I tilfelle der ein elles står fare for å øydelegge antikvarisk verdifullt interiør, kan alternativet vere å legge slike moderne installasjonar i eit godt tilpassa tilbygg.

Tilbygget bør tilpassast det opphavlege bygget ved lik takvinkel, materialbruk, proporsjonar og detaljar. Av og til kan detaljane i ein viss grad fråvikast for å vise ettertida variasjonen i ulike historiske epokar og produksjonsmåte bygningen er påverka av.

I formgjeving og detaljar på tilbygg og anna må ein alltid ta omsyn til lokal byggeskikk og variasjonar.

Skissene under og på neste side viser typar av tilbygg som med visse atterhald kan godkjennast.




Type A og C er tradisjonelle, integrerte tilbygg.



Type B og D bør ein unngå å bygge i flukt med hjørne for at forma skal komme best mogeleg fram.



Type E og F er tilbygg, ofte til hus i sveitserstil.



Type G (ark) og H (kobbhus) bør i det lengste unngåast på eldre hus. Det same gjeld;




Type I og J. Der slike løysingar kan vere aktuelle, bør ein ta kontakt med fylkeskommunen eller arkitekt for rådgiving.

Balkongar og verandaer

Balkongar og verandaer er ikkje viste. Ein bør helst unngå å sette nye balkongar, verandaer og leveggjar på dei eldste husa. Unntak er nyare hus eller hus bygt i sveitser-, jugend- eller funksistil, der balkongar og verandaer var vanlege element. Dersom ein på moderne vis vil ta utearealet i bruk til terrasse, bør ein bruke dei noverande ytterdørene og legge terrassen, gjerne steinsett og moderat oppbygd, med forstøtingsmur av gråstein, rett på bakken.

Balkongar, rekkverk og andre eksponerte trekonstruksjonar, spesielt frå sveitserstilen, er ofte utsette for fuktpåkjenning og dermed rote. Her kan ein ofte med minimale justeringar av detaljar gjere dei meir motstandsdyktige. Fylkeskommunen kan gi råd.



På eldre balkongrekkverk kan ein forbetre konstruksjonen mot fukt og rote og dermed oppnå lengre levetid.

Skissa over viser utbetring av detaljar på rekkverk sveitserstil som ofte er utsette for roteskader.

Ord og uttrykk

1. Verneverdi

Les også meir på side 28, «Kvifor bygningsvern?».

Uttrykket verneverdig blir brukt mellom anna om hus og faste kulturminne som er registrerte i det såkalla [SEFRAK-registeret](#). Praktisk tala alle hus og faste kulturminne i Norge eldre enn frå år 1900 (nokre stader også yngre) skal no vere registrerte her. For kvar enkelt bygning eller fast kulturminne blir det utfylt eit skjema med faktainformasjon, bilete og skisse. Registeret er tilgjengeleg for alle som har bruk for det.

At eit hus er SEFRAK-registrert og av kulturvernmynda er vurdert til å ha verneverdi, gir det ikkje noko automatisk eller formelt vern. Dette kan oppnåast slik:

2. Formelt vern

Formelt vern kan eit hus (og anna fast kulturminne) oppnå ved

- freding etter Kulturminnelova § 15.
- regulering til spesialområde etter Plan- og bygningslova § 25.6.
- verne- og vedlikehaldsavtale mellom, eigar og kulturvernmynda.

- a) Freding etter Kulturminnelova kan omfatte både enkelt hus og hus med område rundt, kulturmiljø.

Hus og andre kulturminne frå før reformasjonen år 1536, er automatisk freda, medan yngre hus kan fredast gjennom enkeltvedtak av Riksantikvaren ut frå Kulturminnelova § 15, legalfredast. Fredinga gjeld normalt både fasadar, interiør og innbu. Freding legg restriksjonar på eigarens moglegheit til å gjere endringar på huset. Svært strenge vernekriteria må oppfyllest før eit hus kan fredast, i vårt fylke er per i dag berre omlag 100 objekt vedtaksfreda.

- b) Regulering til spesialområde, kulturhistorisk verdi etter § 25.6 i Plan- og bygningslova gjeld som regel samanhengande miljø som del av ein reguleringsplan, men kan også omfatte enkelt hus.

For sjølve huset gjeld dette vernet normalt berre fasadar og er mindre strengt enn freding. Til planen høyrer juridisk bindande reguleringsføresegner som gir eigar moglegheit til å utføre visse endringar, vanlegvis i samarbeid med og etter godkjenning av fylkeskommunen.

- c) I samband med større offentleg tilskot til istandsetting av eldre hus inngår eigar ein verne- og vedlikehaldsavtale med fylkeskommunen. Avtalen som skal tinglesast som hefte på eigedomen, avgrensar eigarens moglegheit til å gjere framtidige endringar med huset.

Følgande uttrykk blir brukte om ulike måtar å sette hus i stand på etter antikvariske retningslinjer:

3. Rehabilitering

Istandsetting som gir huset ei standardheving i forhold til tidlegare standard. Rehabilitering inneber også ofte inngrep i husets struktur og opphavlege form og at huset får ny bruk og funksjon.

4. Restaurering

Gjenoppbygging og attføring til tidlegare dokumentert tilstand. Inneber normalt ikkje standardheving.

5. Reparasjon

Istandsetting av forsømt vedlikehald. Tilbakeføring til original standard. Inneber ikkje endring eller standard heving.

Handverkarar og produsentar

For alle handverksgrupper og produsentar vil fylkeskommunen kunne oppgi aktuelle namn.

Ein gjer elles merksam på at du kan gjere eit søk i databasen [Håndverksregisteret](#). Det er eit register over personar som kan tradisjonelt handverk og som arbeider med bestemte fag eller teknikkar.

Bygghandverkarar med allsidig praksis

Dette er allsidige handverkarar oftast med utgangspunkt i tømring og snikkararbeid. Desse kan ofte i tillegg ta på seg anna arbeid, for eksempel grunnarbeid, glasarbeid, takteking, malararbeid. Som regel kan desse også formidle kontakt med handverkarar som kan utføre spesialarbeid. Mange av desse har gjennom kurs, informasjon og praktisk arbeid vist seg kvalifiserte til arbeid etter antikvariske retningslinjer.

Bygghandverkarar for enkeltfag

Laftarar

Kan handlafte nye hus eller reparere gammalt, skadd lafteverk.

Snikkarar

Utfører finare byggsnikkararbeid etter tradisjonelle handverksmetodar med nylaging og reparasjon av trapper, innreiing, dører og vindauge.

Murarar

Utfører mur- og pussarbeid med mellom anna utvendig tørrmuring, muring av peisar, piper og brannmurar samt innvendig dekorasjonspuss.

Ein murar skal også kunne utføre for eksempel muring av piper gråstein med leire som bindemiddel (mørtel).

Malarar

Utfører ut- og innvendig malar- og dekorasjonsarbeid etter gamle teknikkar og med gamle typar maling, for eksempel ådring, lasering og sjablongmaling.

Smedar

Utfører tradisjonelt smedarbeid for eksempel på rekkverk, beslag, med meir. Låsesmedar reknast for ei eiga handverksgruppe.

Gjørtlarar

Utfører støypt og drive messingarbeid.

Blekkslagarar

Utfører utvendige beslagarbeid til for eksempel takrenner, takhattar, takteking, med meir.

Byggtapetserarar

Utfører tradisjonell tapetsering av bygg. Skal ha kjennskap til eldre tapetmønster.

Gipsmakarar

Produserer og reparerer for eksempel eldre gipsrosettar og anna byggipsarbeid.

Vindushandverkarar

Handverksgruppe som utfører totalreparasjon av eldre vindauge. Omfattar faga snikkararbeid, glasarbeid, kitt- og malararbeid og beslagarbeid.

Produsentar av dører og vindauge

Hovudaktiviteten er nyproduksjon av dører og vindauge. I tillegg kan desse ofte ta på seg reparasjon av eldre vindauge.

Produsentar av profilert listverk

Produserer og lagerfører kopiar av eldre typar listverk og utvendig kledning. Kan ofte på førespurnad spesialprodusere etter mal.

Produsentar/leverandørar av beslag

Produserer og/eller forhandlar gamle typar beslag, lysarmatur med meir.

Produsentar av maling

Produserer gamle typar maling, for eksempel linoljemaling, komposisjonsmaling med meir.

Kvifor bygningsvern?

Kvifor er det viktig å verne eldre bygningar? Det heile er grunna i eit verdisyn: Eit kulturminne eller eit kulturmiljø representera ein eller fleire verdiar for eit menneske. Dette er verdiar som oppstår både på opplevingsplanet og som praktiske og materielle kvalitetar. Dei kan vere knytte til det historiske eller til opplevingar i augneblinken.

Aldersverdi

Eit hus, ein bygningsdel, kan vere viktig å ta vare på rett og slett fordi det er gammalt. Gjennom slitasjemerke og spor etter tidas tann kan ein oppleve fleire generasjonars bruk og såleis få nærkontakt med historia. Derfor er det så viktig med gjenbruk av eldre bygningsdelar. Ei ny dør i rett stil, men utan merke etter slitasje og bruk, kan aldri gje den same opplevinga som den originale gamle. Eldre bygningsdelar inneheld ofte også spor etter reiskapsbruk (hoggmerker, spor frå sag, høvelprofilar og liknande) som er viktig dokumentasjon av gamal handverkstradisjon.

Historisk verdi

Ei gamal bygning eller eit bygningsmiljø kan ha ein historieforteljande verdi ved at ho fortel om livsvilkår og levemåte til vanlege kvinner og menn eller kjende historiske personar. Dette kan vere alt frå den vesle fiskarstova på kysten til den meir storslåtte barndomsheimen til diktarhøvdingen Bjørnstjerne Bjørnson på Nesset prestegard. Den historieforteljande krafta kan lett bli svekka når huset blir bygd om til annan bruk, for eksempel frå sjøhus til feriebusstad.

Arkitekturhistorisk verdi

Den eldre bygningsmassen i Møre og Romsdal har stor arkitekturhistorisk verdi, mellom anna fordi den representera ein sær rik og samansett byggjeskikk. Her finn ein kontrastane frå det trønderske i nord og til vestnorske i sør, mellom innlandskultur og kystkultur, mellom bykultur og kultur knytt til primærnæringane.

Samtidig har bygningsmassen stor variasjon i stiluttrykk frå ulike tidsperiodar. Byggjeskikk og arkitektur er ofte eit resultat av eit møte mellom heimlege tradisjonar og byggjeskikkimpulsar og stilførebilete frå andre kantar av landet og frå utlandet.

Det er kanskje nettopp dette store mangfaldet som er det mest karakteristiske for byggjeskikk og arkitektonisk særpreg i fylket vårt. Ved istandsetting og vern av eldre bygningar bør ein legge stor vekt på å ta vare på den vesle detaljen som er karakteristisk for nettopp det huset og kulturmiljøet det står i.

Symbolverdi

Enkelte bygningar representera noko meir enn gode eksempel på eldre byggjeskikk og arkitektur. Del kan og stå som symbol på samfunnet si utvikling og samfunnet sine institusjonar. Det gamle kommunehuset, den første skulestova i bygda, Folkets hus og liknande kan nemnast som eksempel på bygningar som fortel om viktige avsnitt i samfunnet si utvikling og samfunnet si organisering og oppbygging.

Emosjonell verdi

Emosjonell verdi er kanskje det vernekriteriet ein finn størst forståing for hos vanlege menneske. Barndomsheimen, barndomens skulestove eller eldre hus i heimbygda knyter det seg ofte mange minne til. Minne som har vore med og forma ein som menneske. Dersom hus frå oppvekstmiljøet blir rivne eller endra til det ugjenkjennelege, vil derfor mange

oppleve dette som eit tap. Her kan også den vesle, naive detaljen spele ei stor rolle, for eksempel namnet ein som elev rissa inn i veggen på skulestova.

Nokre av argumenta for vern er meir handfaste og aktuelle:

Bruksverdi

Bruksverdien til eit eldre hus knyter seg ofte til nytten av huset til praktiske formål. Dersom huset får ny bruk, er det viktig at ein tek omsyn til huset si opphavlege form og huset sin antikvariske verdi. Ein må unngå ombyggingar som kan øydelegge viktige historieforteljande trekk og detaljar.

Økonomisk verdi

Eldre hus er ofte bygde av material av høg kvalitet. Dette representera ofte ein økonomisk ressurs som ein lett gløymer. Kostbare utskiftingar av eldre bygningsdelar som både er brukbare og haldbare, er dårleg økonomi og fører dessutan til utarming av dei antikvariske verdiane. Gamle bygningsdelar er ofte av langt betre trevirke ein det ein finn på marknaden i dag. Ein bør derfor skrape litt i overflata før ein kastar material som på overflata ser slitne og dårlege ut.

Estetisk verdi

Eit eldre hus har ofte også ein estetisk verdi ved at det gir ei oppleving av noko vakkert og harmonisk. Det vakre kan vere knytt til proporsjonane i hovudforma, komposisjon fasadeflata eller til den enkelte detaljen. Ofte er det eit nøye avstemt forhold mellom heilskap og detalj.

Ved istandsetting er det viktig å finne ut av huset sitt estetiske særpreg og velje løysingar som passar til dette særpreget. Ofte kan ein komme i skade for å øydelegge det estetiske særpreget ved at ein nyttar bygningsdelar (for eksempel dør og vindauge) som bryt med stilen i utforminga av detaljar eller tilbygg som forstyrrar hovudforma sin proporsjon og komposisjon. Ved å skifte til lagerførte element som liknar berre litt kan ein komme i skade for å forflate dei estetiske kvalitetane.

Konklusjon

I bygningsvernet arbeider ein ut frå ulike kriterium for vern baserte på det nemnde verdisynet. Dei ulike verdiomgrepa er i ulik grad aktuelle frå bygning til bygning. Val av løysingar ved istandsettinga bør mellom anna avgjerast av kva for vernekriterar som er lagt til grunn i vurderinga. Ein bør velje dei løysingane som best tek omsyn til huset sitt verneverdige preg og kvalitetar.



Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500, 6404 Molde
(postadresse)

Julsundvegen 9, 6412 Molde
(besøksadresse)

Tlf. 71 28 00 00